



Årsplan
2019-2020
Glesnes
Barnehage

med hjerte for alle

Innholdsfortegnelse

◆ Innleiing	side	2
◆ Samarbeid med barnas heim – foreldresamarbeid		3
◆ Planleggings-/fridagar		4
◆ Pedagogisk grunnsyn		4
◆ Presentasjon av barnehagen og personalet		5
◆ Satsingsområde 2019-2020 – Leik, språk og fuglar		6
◆ Leik		7-8
◆ Språk		9
◆ Fuglar		10
◆ Aktivitetsplan Blåbær, Jordbær og Bjørnebær		11
◆ Aktivitetsplan Bringebær klubben		12
◆ Omsorg og danning		13
◆ COS – Circle of Security		13-14
◆ Læring		15
◆ Progresjonsplan omsorg, leik, danning og læring		16-17
◆ Vennskap og fellesskap		18
◆ Kommunikasjon og språk		19
◆ Barns medverknad		20
◆ Fagområda – Progresjonsplan		21-23
◆ Overgangar;		24
- Når barnet byrjar i barnehagen		24
- Overgang innad i barnehagen		25
- Overgang og samarbeid barnehagen og skule		25
◆ Vurdering og dokumentasjon		26-28
◆ Trafikkopplæring		28

Innleiing

Årsplanen byggjer på tilbakemelding og innspel frå foreldre, ønskjer frå personalet og kommunal satsing.

Årsplan

Lov om barnehagar og rammeplan er saman med kommunale planar styrande for barnehagen si verksemd og er ein forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Årsplanen inneheld informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, danning, leik og læring for å fremje den allsidige utviklinga til barna i samarbeid og forståing med heimen.

Forventningar

Heimen kan forvente at Glesnes barnehage organiserer dagen på best mogleg måte for å skape trivsel for barn og vaksne. Arbeide med sosial kompetanse for å skapa gode vennskap og førebyggje mobbing. Leiken vil ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Har omsorgsfulle vaksne som møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn.

Barnehagen forventar at foreldre samarbeider med dei tilsette og spør når de lurar på noko. Følgjer med på informasjon som kjem frå barnehagen. Fram-snakkar barnehagen til andre. Tar opp innvendingar, ros og forbetningspotensiale med pedagogiske leiarar eller dagleg leiar.

Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Saman gjer vi alt til det beste for barnet



Samarbeid med barnas heim—foreldresamarbeid

Glesnes barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder gode høve til utvikling og aktivitetar i nær forståing med heimen. Foreldra skal ha høve til innverknad gjennom foreldresamtalar, samarbeidsutval og foreldremøte. Foreldra skal være trygge på at barnet blir sett og høyrd, at det trivst og får omsorg i barnehagen.

Detter gjer vi gjennom:

- ◆ Startsamtale. Bruke kvarandres viten om barnet
- ◆ Har rutinar som sikrar god kontakt mellom barnehage og heim gjennom dagleg kontakt ved levering og henting i kvardagen
- ◆ Foreldra får tilbod om 2 foreldresamtalar i året
- ◆ Arrangerer foreldremøte 2 gongar i året
- ◆ Brukarundersøking
- ◆ Påskelunsj der alle foreldre er invitert
- ◆ Gjer foreldra høve til å søke hjelp og rettleiing hjå personalet
- ◆ Differensierer foreldresamarbeidet



Glesnes barnehagane har samarbeidsutval og foreldrerråd som sikrar medverknad. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen.

Samarbeidsutvalet:

Består av foreldre/føresett og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett.

Foreldre	Personale
Hanne Hansen	Therese Hamre
Laila Karin Eide	Anne Golten
Mona Rabben (vara)	Eli Skarbø (vara)
Dany Giertz (vara)	Mona Bakke (vara)
	Evelyn Spilde (skrivar)

Foreldras medverknad bringas inn i planleggingsarbeidet via:

- Individnivå; startsamtale, brukarundersøking, foreldresamtale og den jamlege daglege kontakt ved hente og bringesituasjon. Vi prøver å ta omsyn til foreldre sine synspunkt og at foreldre ska få medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet.
- Gruppenivå; foreldremøte, samarbeidsvalmøte og foreldrerrådsmøter. Intensjonen er at desse ordningane skal gje moglegskap for å ivareta foreldras kontakt med barnehagen på ein aktiv måte.

På foreldremøte om våren får foreldre moglegskap til å komma med ønskjer for barnehageåret vi er på veg inn i, dette for å sikre at foreldre får påverke og komma med innspel. På foreldremøte i september legg vi fram eventuelle endringar og ønskjer vi har kunna innfridd og det vi ikkje kan gjere noko med. Og vi inviterer dei nye foreldra til å komma med tilbakemeldingar.

Planleggingsdagar/fri dagar

Planleggingsdagar:

- 15. august
- 8. november
- 31. januar
- 22. mai
- 5. juni

Julestengt: 24, 25, 26 og 31. desember

Påskestengt: 8. april frå kl. 12 til og med 13. april

Andre fridagar: 1. januar, 1. mai, 21. mai og 1. juni

Sommarstengt: Veke 29 og 30? Kjem ann på nye vedtekter for Nye Øygarden Kommune.

Skulen har:

- Haustferie i veke 41 (2019)
- Vinterferie i veke 9 (2020)



Pedagogiske grunnsyn:

Barndommen er ein livsfase med eigenverdi, den kan ikkje forserast, kan ikkje takast att og skal få ta si tid! I barnehagen er det rom for medverknad, leik og utvikling. Ein føresetnad for læring er at barnet har god tilknyting og kjenner seg trygg. Den vaksne har kompetanse for å støtte barnet si læring og utvikling. På bakgrunn av dette grunnsynet er det laga ein visjon for arbeidet i barnehagen:

“Alle barn blir møtt av kompetente vaksne som legg til rette for trygg tilknyting, læring, leik og vennskap.”

PRESENTASJON AV BARNEHAGEN

Glesnes barnehage har 3 avdelingar. Dette året har vi framleis klubb barna samla på Jordbær, men vi har å delt opp dei andre kulla mellom både Jordbær og Bjørnebær. Dette for at barna skal ha nokon å strekke seg etter og alt det positive barnekulturen bidrar med i ein slik fordeling. Vår nærmaste nabo er enn så lenge barneskulen. Dei fleste barna i barnehagen bur på Glesvær, Kausland og omheng og skal etter kvart byrja på Glesnes/Spildepollen skule frå haust 2019.

Vi har til saman 39 barn som tilsvarar 53 plassar. Avdelingane er delt inn i:

Blåbær	1-2 år
Bjørnebær	2-5 år
Jordbær	2-6 år

Barnehagen har eit nærmiljø med gode muligskapar til turar i skog, vatn og til sjø. Vi nyttar oss aktivt av dei ressursane som er i nærleiken. Glesnes barnehage skal gjennom å skapa eit miljø som gjer barna tryggleik, omsorg, trivsel og tilhøyrgheit, være med på å styrka barns utvikling.

Alle barn i Glesnes barnehage skal føla seg velkommen og møta utfordringar som er tilpassa deira evner og behov. Opplegg skal leggjast til rette slik at alle barn har moglegskap til å meistre oppgåva aleine eller med litt hjelp. Det er viktig for oss at alle barna trivast og knyt vennskap i barnehagen.

Personalet

BLÅBÆR (mob 94 86 57 88)

Britt-Lise Bjånes—Pedagogisk leiar 100%

Anne Golten—Barnepleiar 80%

Neringa Jodonyte- Assistent 100%

Jane Misje- Assistent 20%

BJØRNEBÆR (mob 94 86 70 75)

Randi S Glesnes—Pedagogisk leiar 100%

Mona Bakke—Assistent 100%

Else Hagen- Assistent 100%

Jane Misje- Støtteassistent 60%

Camilla Berge—Lærekandidat 100%

JORDBÆR (mob 94 86 73 11)

Therese Hamre—Pedagogisk leiar 80%

Eli Skarbø- Barnehagelærer 80%

Cathrine Fjøreide- Støttepedagog 80%

Beate Høyland—BUA 80%

Monika Sandal—BUA 60%


Sølvi Abbedissen—Støtteassistent 100%

Sølvi Bjørøy—Spesialpedagog, 13 timar i veka med adm. tid

Evelyn Spilde—Styrar 100%, e-post: evelyn.spilde@sund.kommune.no

Tlf. 56 32 78 11 og Mob. 94 16 87 38

Satsingsområde i 2019-2020



Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng.

Mål:

I Glesnes barnehage skal vi vaksne være deltagande og leggje til rette for god leik. Leiken skal være ein arena for utvikling, læring og sosial kompetanse. Eigenverdien til leiken skal anerkjennast og ha ein sentral plass i kvardagen vår. Alle barn skal oppleve meistrinskjensle i leiken.

Strategi for å nå dette målet:

- ◆ Hovudfokus på vennskap; for har du venner så trivas du, trivast du så lærer du, lærar du så utviklar du deg. Vennskap blir utvikla gjennom leik.
- ◆ Vi setter av god tid til leik kvar einaste dag, både inne og ute. Barna skal i stor grad få velje sjølve kva og kven dei vil leike med. Dagsrytmen vår leggje føringar for ein god blanding av leik inne, ute og frileik.
- ◆ Vi skal respektere leiken og la barna leike ferdig når det er rom for det
- ◆ Observere leiken barna har og støtte dei som fell utanfor. Vi vaksne skal være tilstade i leiken når det er behov for det, være støttespelarar for dei barn som ikkje har «lært» seg å leike.
- ◆ Barna får sjølv velje kven dei vil være med, men om nokon fell utanfor har vi leikegrupper for å inkludere.
- ◆ Ha fokus på områder som kan inspirere til god rolleleik som til dømes eventyr, forteljingar som barna kan leve seg inn i.
- ◆ Vi skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna
- ◆ Dei vaksne skal ta ansvar for at barna får gode erfaringar og opplevingar med å meistre samspel i leik. Vi skal være støttespelarar, sørge for at det blir variasjon og utfordringar. Dei vaksne skal være aktiv tilstade under leiken, som deltakarar, observatørar eller rettleiarar.



Leik

"Barnehagen skal gi barna mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser"

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald)

Leiken er ein viktig del av barnas kvardag og deira trivsel. Leik er ein frivillig aktivitet som barnet sjølv vel å være med på. Leik er ein måte å lære på, og gjennom leiken utviklar barn seg. Barn tar utgangspunkt i sin nysgjerrigheit, sine evner og føresetnadar når dei leikar. Vi i Glesnes barnehage skal leggje til rette for eit miljø som inspirera til fantasi, skaparglede, livsutfalding og for variert leik.

Kjenneteikn på god leik:

- ◆ Barna kommuniserer med kvarandre
 - ◆ Det er glede latter smil og blick
 - ◆ Barna samarbeider, det er turtaking og barna fordeler oppgåver
 - ◆ Det er motorisk aktivitet slik at barna får brukt kroppen sin
 - ◆ Barna har felles fokus og lever seg inn i det dei held på med
 - ◆ Barna inviterer andre med i leiken.
 - ◆ Barna ser på kvarandre som likeverdige partar.
- Barn må lære seg og leike, leik startar tidleg og utviklar seg etter alder.

Kva leiker barna når dei er:

1-2 år:

Barn i denne alderen er glad i å imitere andre. Om eit barn begynnar å slå i bordet med koppen når vi sitter rundt bordet så tar ofte dei andre barna etter. Dei fangar opp det som skjer rundt seg og vil være med. Barn i denne alderen leikar mest parallelt. Dei vil gjerne ha den leiken den andre har, men er ikkje klar for å dele. Det vil seie at barna leikar mest ved sida av kvarandre i starten.

Konstruksjonsleik. Barna begynner

å bygge med klossar. Leiken er enkel, og klossar blir satt opp på kvarandre for så å bli revet ned.



2-3 år:

Symbolleik. Døme på symbolleik er at barna latar som om stolane dei har er eit tog. Mykje av barna sin leik på denne alderen er symbolleik. Dei latar som dei lager middag, teppe over bordet blir til hus, og barna er på full sving inn i rolleleiken.

Rolleleik er at barna tar ulike roller, til dømes doktor, mor, far og barn.

I tillegg til symbolleik og rolleleik er barna fortsatt glad i konstruksjonsleik.

Konstruksjonsleiken er nå meir avansert og barna kan sitte litt lengre og konsentrere seg om til dømes om legobygging.

4-5 år:


Rolleleik er mykje i fokus, barna gjer kvarandre roller og lager regler for kva som skal skje i leiken. Barna kan holde på lenge og leiken kan fortsette i fleire dagar. Barna leikar ofte ut erfaringar dei har hatt. Til dømes har eit barn vært hos legen kan det være eit tema. Eventyr og historier som vi fortel i barnehagen kan fort bli tema for leik.

Konstruksjonsleik blir stadig meir avansert og barna kan sitte lenge og halde på med til dømes lego eller puslespel.

I denne alderen klarer dei fleste barna og være med på **regelleik**. Døme på dette er fellesleiker der ein har ulike regler ein må følge. Døme: «ein, to tre rødt lys» ,brettspel.

Gjennom leik lærer barn:

- Å bearbeide erfaringar, opplevingar og inntrykk
- Å utvikle språklig, sosial, motorisk, emosjonell og intellektuell kompetanse.
- Prøve ut erfaringar, forhandle, ta omsyn til andre
- Å utvikle og fremme fantasi, nysgjerrighet og skapartrøng
- Å sjå situasjonar frå fleire synsvinklar
- Få venner å være saman med ulike menneske
- Krangle, diskutere og kanskje til slutt bli einige
- Øve på konsentrasjon



God språkutvikling er avgjerande for leik og sosiale relasjonar i barnehagealder, men også for lesing, skriving og læring i skulealder og vidare i livet.

Lesing og samtalar rundt bøker har stor verdi for barns språkutvikling. For å lykkast i arbeidet med barns språk er det avgjerande å implementere språk og leseaktivitetar i kvardagen i barnehagen.


Mål:

Styrkje barnehagens daglege arbeid med barnas språklæring gjennom bevissthet om språkleg mangfold. Gjennom samtale og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Strategi for å nå dette målet:

- ◆ Auka kunnskap om barns språkinnlæring gjennom språkløyper og språkkommuneprosjektet
- ◆ Leggje til rette for og ta i bruk barns språklege erfaringar
- ◆ Ha eit blick for språk som kan bidra til tryggleik i pedagogiske val i språkarbeidet for heile barnegruppa
- ◆ Tilsette som invitere alle barna med i språklege aktivitetar. Møte barna på deira nivå og arena. Barn lærer når dei held på med noko dei er opptekne av og interesserte i
- ◆ Trekke alle barn med i kvardagssamtalar, sette ord på ting, nytte bøker og leik i språkstimuleringa. Alle vaksne skal være gode førebilde og språkmodellar





I år skal vi fordjupe oss i ulike fugleartar som er kjend for oss her på kysten. I Norge var det inntil 2017 sett 500 fugleartar. Det er 231 fugleartar som regelmessig hekker i Norge. Rammeplanen seier at barnehagen skal bidra til at barna får kunnskap om dyr og dyreliv, og fuglar er noko vi ser dagleg. Det er mykje interessant å finne ut om fuglar som til dømes at kråke og skjære flyer vekk frå vegbanen, og er dermed dei flinkaste til å unngå kollisjonar med bil. Dette fordi fuglar med relativ stor hjernestørrelse flyer vekk frå vegbanen.

Oppløvingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane. Gjennom tema fuglar skal barna få erfare ulike fugleartar og deira eigenskapar. Samstundes trekker vi inn fargar, naturvern, song og musikk, kystkulture og årstider. For i Norge har vi standfuglar som bur i same område heile året og trekkfuglar som trekker sørover på vinteren.

Mål:

Bli kjent med ulike fugleartar vi har i vårt nærmiljø. Gje barna erfaringar og kjennskap til naturen, lære av naturen og forståing for korleis dei kan ta vare på naturen og fuglane.



Strategi for å nå dette målet:

- ◆ Nyttja ulike arbeidsmetodar som tilpassast til enkeltbarn og barnegruppa. Val av arbeidsmåtar opnar for å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert
- ◆ Byggje på kreativitet og leik og vere opne for medverknad frå barna
- ◆ Bruke naturen som arena for leik, undring, forskning og læring
- ◆ Stimulere barnas undring og evne til å stille spørsmål, søkje oppløvingar, ta initiativ og meistre nye ting
- ◆ Være kreative og førebudde på tema, involvere og ansvarleggjer alle tilsette



AKTIVITETSPLAN 2019-2020



	Aktiviteter:	Mål
August	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent. Lære namn på barn og vaksne på avdelinga. - Primærkontakt i nært samarbeid med barn og foreldre. - Finne sin plass i ny gruppe. - Vaksne skal være ei «trygg hamn». 	<ul style="list-style-type: none"> - Barn og foreldre/føresette skal kjenne seg trygg og oppleve avdelinga som ein god stad å være. - Skape gode relasjonar med primærkontakt. - Barna skal oppleve vaksen som er stor, sterk, klok og god (COS)
September	<ul style="list-style-type: none"> - Skjor og kråke - Rosa og lilla (J og Bj), Gul (Blå) - Song: «Høgt i eit tre» - Fokus på haust 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med desse fuglane sine kjenneteikn og særtrekk - Bli kjent med det som skjer i naturen om hausten
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> - Måse (fiskemåse) - Oranje (J og Bj), Gul (Blå) - Song: «Måsa» (Ausekarane) 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med måsen vi har her langs kysten, særtrekk og kjenneteikn - Bli kjent med ein farge som gjenspeglar årstida - Hausting av poteter og gulrøter
November	<ul style="list-style-type: none"> - Ørn - Brun - Song: «Se min kjole....» 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med havørna som flyg over bhg vår, særtrekk og kjenneteikn
Desember	<ul style="list-style-type: none"> - Dompappen - Jul og juletradisjonar - Raud - Song: «Du og eg og dompappen» 	<ul style="list-style-type: none"> - Julekort fugl og kjenneteikn på denne - Bli kjent med juleevangeliet - Oppleve god julestemning gjennom song, musikk, smak og lukter
Januar	<ul style="list-style-type: none"> - Meisfamilien - Blå - Song: «Fløy ein liten blåfugl» - Fokus på vinter 	<ul style="list-style-type: none"> - Fuglebrett fuglar som bur her om vinteren og deira særtrekk og kjenneteikn - Vi lagar fuglemat og passar på dei om vinteren - Bli kjent med det som skjer i naturen om vinteren
Februar	<ul style="list-style-type: none"> - Ugle - Svart (Bj og J), Blå (Blå) - Song: «Ei klok gamal ugle» - Markere Samenes nasjonaldag 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med ugla og dens særtrekk - Bli kjent med samisk kultur
Mars	<ul style="list-style-type: none"> - Svarttrost - Kvit (Bj og J), grøn (blå) - Song: «Lille måltrost» - Fokus på våren 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med fuglar frå trostfamilien og deira særtrekk. - Få kjennskap til trekkfuglar som kjem attende til Noreg - Markere barnehagedagen
April	<ul style="list-style-type: none"> - Linerle og hakkespetten - Gul (Bj og J), grøn (Blå) - Påsksamling og påskeaktivitetar - Påskeevangeliet - Nytt liv i naturen - Song: «Alle fular små dei er» 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med erlefamilien og hakkespetten og deira særtrekk - Bli kjent med påskeevangeliet - Kva skjer i naturen om våren - Fokus på naturvern og plukke boss
Mai	<ul style="list-style-type: none"> - Gauken - Nasjonalfargane - 17. mai - Song: «Gjekk ein tur på stien» 	<ul style="list-style-type: none"> - Vi blir kjent med luringen gauken som seier «ko ko» og deira særtrekk - Mangfald - Kvifor feirar vi 17. mai - Rydde rundt bhg
Juni og juli	<ul style="list-style-type: none"> - Spurv - Grøn (Bj og J), Alle fargar (Blå) - Song: «Eg er liten spurvelurv» - Fokus på sommaren 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med spruven og deira særtrekk - Fokus på leik og songleikar - Fokus på overgangar - Bli kjent med det som skjer i naturen om sommaren



AKTIVITETSPLAN FOR BRINGEBÆRKLUBBEN 2019-2020



MÅNAD-TEMA:	AKTIVITETAR:	MÅL:
September-Oktober -Sosial kompetanse: -Språk: -Matematikk:	<ul style="list-style-type: none"> • Leik inne og ute. Turar, gym og utedagar. • Høgtlesing, lytting og samtale: «Vennebøker». Rim og regler. Rimelotto. • Bruke regler, eventyr og songar m tal/mengde. • «Mattekista» 	<ul style="list-style-type: none"> • Tryggleik, trivsel og nye vennskap i fokus. Empati. Bli trygg på primærkontakt. • Konsentrasjon ved lytting. Bli kjend med riming. • Bli kjent med tal og mengder. Telle.
November-Desember -Sosial kompetanse: -Språk : -Matematikk:	<ul style="list-style-type: none"> • Tur, gym, utedagar, leik ute og inne. • Brettspel. • Advent og jul i fokus. Formingsaktivitetar. Julefortellingar og julesongar. • Øvingar frå Språksprell :Klappe, trampe ord. Lyttelotto. • Vi måler og veg ting. Bake. • «Mattekista» 	<ul style="list-style-type: none"> • Pro sosial åtferd: Vere positiv, hjelpsam og inkludere. Vente på tur og dele. • Bli kjend med tradisjonar til advent og jul. • Bli kjend med stavingar og orddeling • Bli kjend med måling og mengde.
Januar-Februar -Sosial kompetanse: -Språk : -Matematikk:	<ul style="list-style-type: none"> • Turar, gym, utedagar. Frileik og brettspel. • Gjennom ulike leikar frå Språksprell. • Oppgåver /leik med form, farge og mønster 	<ul style="list-style-type: none"> • Sjølvkontroll: takle frustrasjon og negative kjensler, inngå kompromiss og tilgi. • Bli kjend med lydar – framlydar. • Bli kjend med fargar ,former og mønster: sirkel, trekant, kvadrat
Mars – April -Sosial kompetanse: -Språk : -Matematikk:	<ul style="list-style-type: none"> • samlingar , turar, gym og leik . • Vitsar og gåter. Lese lengre bøker utan/lite bilde. • Leik, oppgåver. • Påskeaktivitetar: bøker, songar og forming. 	<ul style="list-style-type: none"> • Tøre å vere i fokus. Be om hjelp/gje hjelp. Kome i leik og felles aktivitetar. • Bli kjend med ord og setningar Gjenkjenne nokre bokstavar. • Bli kjend med rom og retning. • Lære litt om påske
Mai – Juni -Sosial kompetanse: -Språk og matematikk:	<ul style="list-style-type: none"> • Turar og samvær ute. Sangleikar. • Vårskule.(førskuledagar) 	<ul style="list-style-type: none"> • Oppleve leik, glede og humor. Spontanitet, initiativ, meistringsglede. Samhald. • Legge til rette for overgang barnehage- skule.

SKULEFØREBUANDE ARBEID HEILE ÅRET:

Sjølvstende trening: måltid, påkledning, toalettgåing. Finmotorisk trening: teikne, fargelegge, blyantgrep, pensel, klippe. Konsentrasjon/ merksemd, turtaking, empati, konfliktløsning. »Folkeskikk og bordskikk». Årstid, dag, mnd, år og namn. Og elles: litt enkel trafikkopplæring, turar og gym i fokus. Plukke boss. Song, musikk og forming. Barns medverknad. Utflukter/arrangement



Omsorg og danning.

Å sjå omsorg og danning i ein samanheng er beskrive i barnehagelova. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna, og om barnas omsorg for kvarandre.

Omsorg er ein føresetnad for barnas tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Rammeplanen s.19.

Ein omsorgsfull relasjon mellom barn og vaksne i barnehagen er prega av lytting, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. I barnehagen arbeider vi ut frå eit heilskapleg syn, der læring i det daglige samspelet med andre menneske er nært knytt til omsorg. I Glesnes barnehage betyr "omsorg" først og fremst at kvart enkelt barn skal bli sett og teken godt vare på. Vi vaksne skal vere på barnas nivå og tilpasse oss dei, og ikkje motsatt. Omsorg skal skje naturleg og i alle ledd i kvardagen vår.

Danning kan beskrivast som ein kombinasjon av kunnskap og sosial kompetanse. På folkemunne kan ein kalle danning for «god folkeskikk. Vi skal støtte barna i deira utvikling av seg sjølv, som den dei er, med dei føresetnadane dei har med seg – til å utvikle seg best mogleg. Gjennom omsorg, læring, sosialisering og oppseding skal Glesnes barnehage, i samarbeid med foreldra og barna sjølv, bidra til barnets si danning.

Omsorg og danning skal skje i nært samarbeid med heimen. Foreldre/føresette og personalet må bygge på eit gjensidig tillitsforhold. Samtidig må personalet vere tydeleg tilstade og engasjert i barnets trivsel og utvikling.

I omsorga for 0-2 åringane i Glesnes barnehage vil vi ha ekstra fokus på å gje barna eit fang å sitte på. Vi skal vere på golvet saman med barna og ekstra lydhøre for signala barna sender ut – hjelpe barna å tolke deira signaler slik at barna føle seg sett og høyrte.

I omsorga for 3-6 åringane i Glesnes barnehage vil vi ha ekstra fokus på relasjonar og kommunikasjon vaksne – barn. Vi vaksne vil tilpasse oss barna og deira behov. Vi vaksne skal vere tilstade og delaktige for barna i alle situasjonar.

COS – Circle of security

I vårt arbeid med å skape trygge og glade barn, og gje god omsorg til alle, vil vi bruke COS som ein metode for å nå målet.

Eit barn har i hovudsak to typar tilknytningsbehov. Det treng ein omsorgsperson som kan støtte barnet si utforsking og fungere som ein trygg base ("passe på meg, være god mot meg, hjelpe meg, vise glede når vi er saman"). Barnet treng også at omsorgspersonen er der når det søker nærleik og at ho eller han kan fungere som ein trygg hamn ("beskytt meg, trøst meg, vis godheit for meg, organiser følelsane mine").

Barnet sitt behov er at det treng støtte for å utforske, å bli passet på og oppleve å bli delt glede saman med, men også å bli ønsket velkommen tilbake, bli beskytta, trøsta og få organisert følelsane sine.


Vi må vise barna at vi klarer å være saman med dei i ulike følelsar. Vi er modulatorar for barnet og kan skru barnets følelsar opp eller ned. Vi speglar barnets følelsar. Bruker ein litt tid, vil barnet kjenne kva det føler og opplev at den vaksne tåler det barnet føler.

Ein kan ikkje ta bort saknet etter foreldra, men ein kan tilby å være i følelsane saman med barnet. Det gjer det lettare for barnet å tåle saknet.

Tryggleikssirkelen viser oss at foreldre/omsorgspersoner har to funksjoner overfor barnet

- Være ein trygg base som barnet kan våge å bevege seg bort frå utan at barnet blir forlatt.
- Være en sikker hamn som alltid er der for å ta imot når barnet har behov for nærleik/trøst frå den vaksne.

Cos sirkelen:



Mål:

- ♦ Trygge og sjølvstendige barn
- ♦ Barna skal kjenne seg sett og anerkjent kvar dag. Møte alle barn med openheit og varme
- ♦ At barna utviklar sosial kompetanse. Ta vare på seg sjølve og kvarandre

Tiltak i Glesnes barnehage

- ♦ Omsorgsfulle vaksne, som har tid og som bryr seg om korleis barn har det.
- ♦ Får alle barn primærkontakt når dei startar i barnehagen
- ♦ Får foreldre startsamtale i tilvenningsperioden
- ♦ Møte alle barn med respekt og anerkjenning for den dei er
- ♦ Tydelige vaksne med gode, forutsigbare og samkjørte regler og rutinar for barna
- ♦ Lytte til barna- både verbalt og non verbalt språk
- ♦ Bekrefte barnet og dets følelsar og meiningar, og nytta COS tilnærming i våre møter med barna
- ♦ Dei vaksne er gode rollemodellar for barna og lærer dei korleis vi er mot kvarandre, kva som er akseptabel åtfærd.
- ♦ Vi oppfordrar barna til å hjelpa kvarandre.
- ♦ Hjelp barna å sortere, setje ord på kjensler og opplevingar
- ♦ Nytte hjarteprogrammet i samlingar med meir.

Læring

Barn lærer gjennom erfaringane dei får i leik og andre aktivitetar. Å ivareta barna sin lærelyst handlar i stor grad om engasjerande og motiverande vaksne som skapa eit miljø med rom for undring. Barna lærer av det dei gjer dersom dei vaksne tar utgangspunkt i barnas interesse, undersøker og undrar seg saman med dei.

- ⇒ Formell læring er når barna skal lære noko spesielt. Dette er planlagde aktivitetar som er førebudde, og som blir gjennomført etter ein plan. Tilrettelagde aktivitetar i løpet av veka skal bidra til å gje barna nye erfaringar, utfordringar og oppleving av meistring. Temasamling er ein aktivitet vi nyttar oss av innanfor området formell læring. Klubben har to dagane i veka dei er saman, planlagde opplegg og aktivitetar som tar utgangspunkt i ein førskuleperm som er utarbeida for alle dei kommunale barnehagane i Sund kommune.
- ⇒ Uformell læring er læring som skjer i her – og - no situasjonar. Dette er den læringa som skjer i leik med andre, i samspel med andre barn og vaksne, utan at det var planlagt at det skulle skje. Uformell læring er ein viktig læringsform for små barn, difor pregar den uformelle læringa kvardagen i barnehagen.
- ⇒ Tilpassa opplæring handlar om at val av innhald i den formelle og uformelle læringa og progresjon må byggje på barnegruppa og det enkelte barns føresetnad for å mestre. Glesnes barnehage skal gje kvart enkelt barn utfordringar med utgangspunkt i barnets funksjonsnivå, ressurs, moglegheit, sosial og kulturell bakgrunn.

Mål:

- ◆ Barn og vaksne undrar seg saman
- ◆ Glesnes barnehage skal være eit stimulerande miljø som støtter opp under barnas lyst til å leike, utforske, lære og mestre

Strategi for å nå måla:

- ◆ Vi vil gje utfordringar som er tilpassa den enkelte
- ◆ Vi vil ta utgangspunkt i det barna er opptekne av og byggja vidare på det
- ◆ Kompetente vaksne
- ◆ Introdusere nye situasjonar, tema, materiell og reiskap
- ◆ Leggje til rette for heilskapleg læringsprosessar og sørge for progresjon og utvikling i barnehagens innhald

Glesnes barnehagane skal være ein plass som ivareta barns nysgjerrigheit for å stimuler til utvikling og læring! For at vi skal kunne vere ein læringsarena for alle barn – uansett føresetnader – vert det kravd kompetente vaksne. Vi skal ha fokus på vaksenrolla. Elles er vi opptatt av å ha eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er viktig for alles trivsel og utvikling. Vi nyttar oss aktivt av vårt nærmiljø og kultur i dette arbeidet.

Progresjonsplan omsorg, leik, danning og læring

Kvardagsmåla våre Aktivitet	0-3 år	3-6 år
Velkomst; Kvart barn skal bli sett og høyrd. Godt foreldresamarbeid	Vi ønskjer dei små velkommen. Noterer at barnet har komet og tar imot beskjeder som gjeld barnet. Vi hjelper til med avskjeden slik at den blir god - primærkontakt	Vi ønskjer dei store barna velkommen. Noterer at barnet har komet og tar imot beskjeder som gjeld barnet. Vi hjelper til med avskjed slik at den blir god. Oppmuntrar til handvask
Måltid; Barna skal få sunne matvanar og kose seg rundt matbordet med andre barn	<ul style="list-style-type: none"> - Sjølvstendigheit - Lære å drikke av kopp - Velje pålegg, øve på å smøre og prøve ny mat - Sitje roleg ved bordet - Sette ord/benevne - Barn sit med primærkontakt 	<ul style="list-style-type: none"> - Praktiserer bordskikk - Medverke til hyggelege samtalar rundt bordet - Barna sit med primærkontakt - Klubben les bok etter lunsj
Av og påkledning; Ein positiv kle situasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Delta i kle situasjon og finne plassen sin - Bruke omgrep - Byrje å kle seg sjølv - Øve på overgangar 	<ul style="list-style-type: none"> - Sjølvstendig påkledning - Finne rett klede til rett vær - Klare strikken under dressen - Holde plassen sin ryddig - Utfordre seg sjølv og halde fokus på oppgåva
Samlings/temasamlings stund; Eit positivt fellesskap	<ul style="list-style-type: none"> - Barna opplev fellesskap - Bygg opp identitet og sjølvbilde - Vente på tur - Øve på sosial samspel - Lære noko nytt saman med andre. - Songglede 	<ul style="list-style-type: none"> - Være aktivt deltakande - Øve på å halde fokus og følgje med - Være ein positiv faktor i gruppa - Medverke - Lytte - Være i fokus - Hjartebarn
Leik/læring	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne ilag med barna på golvet – COS - Observere og støtte ut frå barnas interesse og ståstad - Leggje til rette leikemateriale som inspirerer til ulik type leik 	<ul style="list-style-type: none"> - Finne rom for ulik type leik - Delta i leiken på barnas premisser - Rettleie barn om leiken medfører uheldig samspelmønster - Skape gode rolleleikar - Dele barnegruppa - Planlagde aktivitetar
Sosial kompetanse; Grunnleggjande sosiale ferdigheiter	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikle ein positiv sjølvoppfatning - Barna skal lykkast i å omgås andre - Barna skal oppleve vennskap 	<ul style="list-style-type: none"> - Turtaking - Empati; innlevelse i andres følelsar og forståing for andre sine perspektiv og tankar - Fokus på vennskap og mobbing
Toalett/hygiene; Bli sjølvstendig	<ul style="list-style-type: none"> - Tryggleik rundt stellesituasjon - Omgrep om kropp - Øve på å bli tørr - Vaske hender 	<ul style="list-style-type: none"> - Mestre toalett/hygiene situasjonar - Vete kvifor det er viktig å vaske hender og halde seg rein.
Kvile/søvn	- Få gode søvnrutinar	- Leggje til rette for dei barna som

Barna får den ro dei trenger	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpasse behov - Leggjte til rette for kvile 	<ul style="list-style-type: none"> skal søve - «kvilestund» etter lunsj med yoga, boklesing, kvile på teppe med musikk eller roleg leik
Rydding; Barna ryddar etter aktivitetar	<ul style="list-style-type: none"> - Øve på rydding - Øve på å sortere - Ta imot beskjeder og utføre 	<ul style="list-style-type: none"> - Kan rydde på eigahand - Vite kor det skal sorterast
Utetid; Barna er glade i å være ute. Motorikk	<ul style="list-style-type: none"> - Trivsel i vær og vind - Trygg på uteplassen - Få erfaring i litt ulendt terreng - Stimulere til auka nysgjerrigheit og sansebruk i naturen - Fysisk utfoldelse 	<ul style="list-style-type: none"> - Dra på lengre turar - Medverke til aktivitetar ute - Kreativ leik - Trafikk opplæring - Miljøvern, bli glad i naturen - Kan rydde på eiga hand
Barns medverknad	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjon og oppfølging av barns ulike uttrykk og behov - Tolke barns signaler - COS 	<ul style="list-style-type: none"> - Være lydhør for barnas uttrykk og ønsker - Invitere barna til jamleg aktiv deltaking i planlegging og vurdering - Utvide og bygge vidare på barnas interesser - Barnemøter
Vaksenrolla; Dette med å være gode førebilde	<ul style="list-style-type: none"> - Trygge og tydelege vaksne som ser barna. Være tett på - COS - Bevisstgjerig på haldningar og verdiar vi sender ut, både verbalt og non-verbalt 	<ul style="list-style-type: none"> - Snakke med barna - Tydelege rollemodellar - Møte alle barn med openheit, varme og interesse og vise omsorg for kvart enkelt barn -



Vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som utviklast gjennom sosial samspel. Rammepan. S.22

I barnehagen er leiken heilt sentral for å utvikle vennskap. Barn som ikkje deltek i leik, har vanskeleg for å få venner. Vi vaksne må gå aktivt inn i leiken og bevisst gå inn og støtte barn som ikkje har så gode leikeferdigheiter eller språk.

Barn skal lære korleis dei er mot andre, vaksne og barn, og dette skjer særleg i det daglege samspelet. Barn erfarer verden på godt og vondt slik verden er, men dei treng hjelp av vaksne til å forstå si eiga rolle i samspel og dei treng hjelp til å finne ut av alt som er vanskeleg. Vi vaksne må vere tilstade i leiken og dei daglege situasjonane – med heile oss, slik at vi ser og høyrer det som vert kommunisert barna seg imellom. Dei treng og hjelp til å finne ut av leiken som går i stå og alle dei vanskelege følelsane som oppstår når ting vert utfordrande.

Eit viktig grunnlag for vennskap er å bli venn med seg sjølv- noko vi har fokus på innanfor arbeidet vårt med det kulturelle mangfaldet, det å styrke eigen identitet. Det å være trygg på seg sjølv, stå for det ein er, være stolt av kva kultur ein kjem frå.

«Å være venner er å møtes i et forhold hvor den enkelte opplever seg som godtatt og verdsatt for akkurat den han eller hun er. Også de yngste barna har sterke vennsksrelasjonar, og mange barn gir uttrykk for at det beste ved barnehagen er å få møte andre barn og leke med vennene sine. Vennskap bidrar til en følelse av deltakelse og fellesskap som igjen bidrar til positiv selvfølelse. Å tilhøre en gruppe gir barn trygghet og sosial tilknytning. Opplevelser sammen med andre barn kan være veien inn i nye vennskap. Å etablere vennskap og opprettholde dem er en viktig faktor i sosialiseringssprosessen og en forebyggende faktor mot uheldig og negativ utvikling». Udir – barns trivsel – voksnes ansvar

Mål:

- ◆ Støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre og oppleve vennskap

Strategi for å nå målet:

- ◆ Vaksne tilstade i leik
- ◆ Observasjon og barnesamtalar
- ◆ Samtale om normer for samhandling og vaksne som forbilde
- ◆ Støtte barn i å sette grenser og finne løysningar i konfliktsituasjonar
- ◆ Førebygge og stoppe utestenging, mobbing og uheldig samspelsmønstre



Kommunikasjon og språk

Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisera, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike språk og kommunikasjonsuttrykk. Rammeplanen s.23

Å støtte barns tileigning av språk er ei av kjerneoppgåvene i barnehagen. Språkleg ferdigheiter har mykje å seie for barnas trivsel og kjensle av meistring i kvardagen. Å forstå det som blir sagt, og å kunne gje uttrykk for eigne tankar, kjensle og meiningar er viktig for å forstå kva som skjer, samhandle med andre og ha medinnverknad. Barn som har vanskar med å forstå språk, bruke språk eller for å uttrykkje seg, kan oppleve at det er utfordrande å samarbeide med andre i kvardagsaktivitetar og leik.


Barn lærer språk best gjennom å vere språklege aktive. Tilsette i Glesnes barnehage skal tilpasse dei språklege aktivitetane til barnas språklege ferdigheiter, interesser og initiativ. Barn lærer når dei held på med noko dei er opptekne av og interessert i.

Mål:

- ◆ Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen
- ◆ Barna skal få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ein heilskapleg språkutvikling
- ◆ Alle barn skal oppleve at nokon lyttar til og viser interesse for det dei seier og gjer uttrykk for kvar dag

Strategi for å nå målet:

- ◆ Språkgrupper
- ◆ Turtaking
- ◆ Språkløyper og språkprosjekt
- ◆ Være bevisst vår rolle som språkleg førebilde og være lydhør i kommunikasjon med alle barn
- ◆ Følgje med på barnas kommunikasjon og språk, og fange opp og støtte barn som har ulike formar for kommunikasjonsvanskar, som er lite språkleg aktive, eller som har sein språkutvikling
- ◆ Bidra til at språkleg mangfald er ein berikelse for heile barnegruppa. Støtte fleirspråklege barn i å nytta sitt morsmål.



Barns medverknad.

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet"

(Barnehageloven §3 Barns rett til medvirkning)

Kor omfattande medverknaden vil vera, og korleis retten til medverknad vert praktisert, vil vere avhengig av barns alder og funksjonsnivå. Barns rett til medverknad krev tid og rom til å lytte og samtale. I Glesnes barnehage organiserer vi oss slik at barna skal få tid og rom for medverknad. Dette gjerast i samlingsstund, barnemøter, i leik, kvardagsaktivitetar, på tur, klubb, til lunsj med meir.

For å leggje til rette for barns medverknad og at dette bringast inn i planleggingsarbeidet, gjer vi følgjande i Glesnes barnehage;

- ◆ Snakkar med barna og har barnemøte
- ◆ Evaluering ilag med barna om tema/aktivitet, om det var kjekt med meir
- ◆ Dagleg observasjon i kvardagen for å finne ut kva barna er opptekne av og interessert i
- ◆ Dei minste barna uttrykker seg ofte gjennom mimikk, kroppshaldning og andre kjenslemessige uttrykk – ser etter og prøver å tolke dette
- ◆ Lytte til barna og respektere deira meiningar
- ◆ Tilretteleggje det fysiske miljøet slik at barna sjølv vel det dei vil leike med
- ◆ Lar barna vera med å påverke kva ein legg opp til av kvardagsaktivitetar
- ◆ Ha fleksible planar som kan bli endra på ved behov. Gje rom for det spontane, og ønskjer barn har der og då
- ◆ Ha gode barnesamtalar som oppmuntrar barna til å gje uttrykk for eigne tankar og meiningar både individuelt og i grupper.

Dei minste barna på Blåbær har ikkje dei same føresetnadane for å ta ein avgjersle som dei eldste barna. For dei minste vert det gjerne å få bestemme kva dei vil leike med når det er frileik. 0-2 års barna skal oppleve å bli rett tolka ut frå sine uttrykksformer. Vi vaksne skal vere ekstra lydhøre ovanfor dei signala desse yngste barna sender, og gripe fatt i dei.

Etterkvart som barna vert eldre kan dei og få bestemme kva dei vil eta til varmmat, kor dei vil gå på tur, om dei vil leika inne eller ute og velje songar i samlingsstunda. Barna skal også verta møtt av anerkjennande vaksne i sine kjensleuttrykk. Ved at dei vaksne set grenser er det med på å læra barnet å setja eigne grenser. Dei eldste barna på Jordbær og Bjørnebær skal og få ein oppleving av at dei har noko å bidra med – at deira meining tel og er verdt å lytte til.

Mykje av det som skjer i barnehagen er nøye planlagt og har eit bestemt mål. Det me vaksne har planlagt er ikkje alltid det same som barna er opptatt av, derfor er det viktig at personalet er fleksible og flinke til å ta barna med og la dei få bestemme der det er moglegheit for dette.



Fagområda - progresjonsplan


I Rammeplanen er det definert 7 fagområder som barna skal få erfaringar og opplevingar frå. Fagområda opptreer sjeldan isolert, men er fletta i kvarandre gjennom tverrfaglege opplegg og temaarbeid.

Barn er i utvikling. Dei møter utfordringar, meistrer og må strekkje seg. Barn opplev framgang og at kompetanse deira aukar. Progresjon må tilpassast det enkelte barn. Målet vårt er at kvart barn blir sett og hørt. Samtidig ønskjer vi at barna lærer noko nytt og utviklar seg i takt med alder og modning. For å ivareta dette arbeider avdelingane med tilpassing etter alder. Barna kan bli delt inn i aldersgrupper i enkelte aktivitetar. Det skal være progresjon i måla i forhold til alder og modning.

Fagområda	1-2 åringane	
	Mål	Tiltak
Kommunikasjon, språk og tekst	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle språkforståing og gleda ved å bruke språket på ulike måtar 	Sette ord på det vi gjer. Kroppsspråk, Sjø i og lese bøker. Rim, regle og musikk. Lære namn på fuglar
Kropp, bevegelse, mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> • Få ei positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg mestring. • Bli kjend med ulike smakar og konsistens 	Bli kjent med eiga kropp. Gå korte turar i/rundt barnehagen. Bevegelses songar Tilby tradisjonsrik og sunn mat
Kunst, kultur og kreativitet	<ul style="list-style-type: none"> • Gje barna mange gode inntrykk og erfaringar 	Teikning, rabbling, fingermaling. Forming. Drama. Vekt på prosess
Natur, miljø og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med naturen rundt barnehagen til alle årstider • Bli kjent med og ta vare på naturen 	Oppleve ulike årstider/vær. Bruka ting i naturen. Bilde, lyder, kosedyr, samling, song og forming. Plukke boss ute og sortere avfall
Etikk, religion og filosofi	<ul style="list-style-type: none"> • Lære seg sosiale kodar 	Vennskap. Omsorg for kvarandre.
Nærmiljø og samfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få gode opplevingar i nærmiljøet 	Tilhørighet og tryggleik. Bli kjent i det nære
Antall, rom og form	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med ulike formar og fargar gjennom å utforske, erfare og leike 	Faste rutinar og rekkefølger. Eventyr med tall. Puttekassar og duplo



Fagområda	3-4 åringane		5-6 åringane	
	Mål	Tiltak	Mål	Tiltak
Kommunikasjon, språk og tekst	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle språkkompetanse, ordforråd og ulike kommunikasjonsformar 	Samtalar, rim og regle. Eventyr, bøker og rolleleik. Song og musikk. Lære namn på fuglar. Bruk av dagtavle til språkstimulering og vente på tur.	<ul style="list-style-type: none"> • Bli fortruleg med symbol som tal og bokstavar • Vidareutvikla språk kompetanse, ordforråd og ulike kom.formar 	Filosofiske samtalar. Tall- og språksprell. Leik med bokstavar og tall. Bruk av bøker, rim og regler. Lære namn på fuglar, fargar og årstider.
Kropp, bevegelse, mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikla grov og fin motorikk • Variert kosthold • Sjølvstendigheits trening 	Lære om kroppen. Syngje, spille og danse saman. Gå på tur i ulendt terreng. Barnas kjøkken og få kjennskap til sunn og variert mat.	<ul style="list-style-type: none"> • Sjølvstendigheits trening • Variert kosthold og kjennskap til sunn kontra usunn mat • Fysisk aktivitet 	Sjølvstendigheit. Regelleiker. Finmotoriske ferdigheiter. Turar og gym Erfaring, samtale om mat og kosthold, og kva kroppen treng.
Kunst, kultur og kreativitet	<ul style="list-style-type: none"> • Oppmuntre til kreativ tenking, fantasi og skaparglede 	Ulike formingstek, dramatisering og musikkksamling.	<ul style="list-style-type: none"> • Uttrykke seg visuelt i språk, musikk, song, dans og drama 	Formingsaktivitetar med ulik materiale og teknikkar. Skapa kunst, fantasi og kreativitet gjennom tema fuglar
Natur, miljø og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Opplive naturen i alle årstider, lære å ta vare på den og bli glad i den • Naturvern 	Bli kjend med naturens syklus og de 4 årstider. Kilde sortering, såing og hausting. Bli kjent med fuglars særtrekk og eigenskapar. Nettbrett og smart Board	<ul style="list-style-type: none"> • Lære om mangfaldet i naturen • Miljøvern 	Miljøvern og kilde sortering. Dyrke poteter og grønsaker. Bli kjent med fuglars særtrekk og eigenskapar
Etikk, religion og filosofi	<ul style="list-style-type: none"> • Lære toleranse og respekt for at alle er forskjellige 	Kjennskap til ulike kultruar. Undre seg. Sosial kompetanse. Ulike høgtider. Følelsar, omsyn og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle sosial kompetanse og få venner 	Sosial kompetanse; samhandling, vennskap og sjølvregulering. Bli kjent med ulike kulturar og tradisjonar
Nærmiljø og samfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med lokalsamfunnet • Bhg som samfunn • Bli kjent med samane • Trafikktryggleik 	Bruke nærområdet Barna få vite noko om samane. Barna skal lære enkle trafikkregler.	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med og delta i lokalt samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar • Dyrking • Trafikktryggleik 	Bruke nærområdet til å bli kjent med årstidene. Bli kjent med Samisk kultur via forteljingar. Lære enkle trafikkreglar
Antall, rom og form	<ul style="list-style-type: none"> • Erfare, utforske og leike med formar, mønster, likskap og mengd 	Brettspel, lego og puslespel. Dekke matbord. Erfare ulike størrelsar. Bakaroppskrift	<ul style="list-style-type: none"> • Erfare, utforske og leike med form og ulike mønster. 	Konstruksjonsleik. Utforske tall, mengde, formar, mønstre, fargar rundt oss

Dei yngste barna, 1 og 2 åringen	Dei mellomstore barna, 3 og 4 åringen	Dei eldste barna, 5 og 6 åringen
<p>For dei yngste barna, skaper tryggleik og tilknytning, ein arena for leik og læring. Vaksne vekslar mellom å være deltakar, støttespillar og oppmerksom observatør. Toddlerkulturen gjer seg utslag i ein kroppsleg og sosial omgang kor det utviklast ein kultur av humor, leikerutinar og fysisk utfoldelse. Vesentleg er korleis rommet og materiellet utformast med moglegskap for motoriske erfaringar og kvile. Småbarnsavdelinga er spesielt oppteken av gjentaking, rutinar og samanhengar. Stimulering av språket pregar kvardagen og dei vaksne er bevisst si rolle som språkmodellar.</p>	<p>For dei mellomstore barna i barnehagen introduseras meir og meir for rolleleik. Leik er den dominerande aktivitet og barna utforskar aktuelle problemstillingar og situasjonar. Sosiale ferdigheter som å hjelpe kvarandre, vente på tur, dele med kvarandre, ha innleving i andre situasjon (empati) har stort fokus. Det stilles større krav til sjølvstendigheit, og vala blir fleire for denne aldersgruppa. Arbeidet med språkstimulering vidareførar og utviklast.</p> 	<p>Dei eldste barna er trygge i avdelingane. Ein større samanheng og tilhøyrgheit i ei gruppe av jernaldrane er ønskjeleg for å skape kontaktar og vener til skulestart. Vi vektlegger fellesskap og sosiale relasjonar med utvikling av sosiale ferdigheter. Læring og utvikling av basis-kompetanse som førebuing til skulestart er sentralt. 5 åringane er rollemodellar for dei yngre barna.</p>

OVERGANGER

Når barnet byrjar i barnehagen

I Glesnes barnehage inviterer vi dei nye foreldre til ein velkommendag på forsommaren. Her får vi tid til å sjå korleis det er i barnehagen, ein får utdelt diverse skriv og velkommenhefte med informasjon om det å gå i barnhage, og om Glesnes barnehage. Vi avtalar startsamtale og tid for oppstart. For at barna skal få ein så roleg og trygg start som mogleg er det ein fordel at ikkje alle nye barn byrjar samstundes. Vi prøver så godt vi kan å fordele oppstart over fleire dagar og tidspunkt. Vi vil at foreldre/føresette er med dei første dagane, samt at desse dagane er korte, ca 3-4 timar. Startsamtale er ein samtale som Pedagogisk leiar har med foreldre/føresette for at vi skal bli best mogleg kjent med barnet, slik at vi kan møte dei på best mogleg måte.

Mål:

- ◆ At barnet opplev ein trygg tilknytning og finn seg til rette i barnehagen
- ◆ At foreldre tar seg god tid i tilvenningstida til det er oppretta gode relasjonar mellom barn og vaksen i barnehagen
- ◆ At foreldre føler seg velkommen og trygg på at Glesnes barnehage er ein god stad for deira barn

Strategi for å nå målet:

- ◆ Primærkontakt som har ansvar for at barnet blir sett og får god omsorg i tilvenjingsperioden
- ◆ Smil, gode blikk og at ein er på barnets nivå - COS
- ◆ Gode rutinar for velkomst om morgonen og avskjed til foreldra
- ◆ Leggje opp til god dialog med foreldre og at terskel for å ta kontakt med kvarandre er lav

Overgangar innad i barnehagen

Når barn skal frå småbarnsavdelinga og over på stor avdeling får foreldra vite kva avdeling og kva barna det gjeld i byrjinga av juni månad på foreldremøte. Vi prøver å ta omsyn til innspel frå foreldre, søsken, gruppesamansetning og vennskap når vi plasserer barn, så langt det lar seg gjere. Tilvenjing til stor avdeling byrjar med at ein går litt på besøk og eter lunsj der i juni/juli månad – gradvise steg. Midten av juni, byrjinga av juli og august slår vi saman avdelingar og barna får ein roleg start og blir kjend, før det er fulle barnegrupper att ved barnehagestart 15. august. Dette året går alle barna frå Blåbær opp ilag til Bjørnebær, medan 6 barn blir flytta frå Bjørnebær til Jordbær.

Mål:

- ◆ At barn som skal bytte avdeling får tid og rom til å bli kjent og trygg på fysisk rom, barna og personalet
- ◆ At foreldre får tid og blir trygg på overføringa som skjer og bli kjent med nytt personale

Strategi for å nå målet:

- ◆ Primærkontakt på stor avdeling loggar på og tar seg tid, spesielt i utetid å skape kontakt med dei nye barna som skal komme opp frå småbarnsavdeling til stor avdeling
- ◆ Velkommenbrev til foreldra frå den nye avdelinga med informasjon om primærkontakt, bumerke, kven som arbeidar på denne avdelinga med meir
- ◆ Overføring av informasjon om barna frå Pedagogisk leiar på småbarnsavdeling til Pedagogisk leiar stor avdeling, på områder som er viktig å veta om det enkelte barn jamføre samtykkeskriv.

Overgang og samarbeid barnehagen og skule

Glesnes barnehagen samarbeider med Glesnes skulen for å leggje til rette for barns overgang frå barnehage til første klasse. Samarbeidet fokuserer på kva barn kan og meistarar og på kva dei kan trenge særskilt støtte til. Dette skal skje i nært samarbeid med heimen. Korleis samarbeide blir med skulen når den blir flytta til Spildepollen november 2019, er vi usikre på.

Dette gjer vi:

- ◆ Har felles rutinar for overgang mellom barnehage og skule i Sund Kommune
- ◆ Legg til rette for ekstra samarbeid kring barn med særskilde behov for tilrettelegging.
- ◆ Har felles plan for skuleførebuande arbeidet med fokus på sosial kompetanse, språk, før matematikk og skuleførebuande aktivitetar. Dei skuleførebuande aktivitetane inkluderer arbeid med sjølvstendetrening, konsentrasjon, merksemd og finmotorikk = Klubben
- ◆ Førskuledag og eventuelt fadder dagar i regi av skulen



Når	Aktivitet	Innhald	Ansvarleg	Mål
Nov.	Samtale	Korleis er neste års årskull. Er det barn som vi bør tenkje å melde opp til PPT, BUP eller anna.	Styrar og rektor	Fange opp barn som treng forsterka opplæring og tilrettelegging. Starte prosess med å melde opp tidleg, der det er behov. Innhente kunnskap om barnegruppa og gjere dei vaksne budd på barnegruppa
Februar	Innskriving	Fokus på barna sin tryggleik Korleis organiserer vi dagane på skulen? Klasse- og skulemiljø. Foreldres betydning for læring. Bli kjent med skulen.	Rektor	Opprette fyrste kontakt med foreldre/føresette og barn. Lage ei positiv haldning til skulen.
April/ mai	Samtykke-erklæring. Overlevering av skriftleg informasjon frå bhg til skule	Foreldresamtale med foreldre til klubb barn	Pedagog for klubben	Trivsel, generell utvikling, førskuleopplegg, samarbeid bhg og heim og kva informasjon ein kan bringa vidare til skulen.
Juni	Overgangssamtale	Informasjon om borna sine ferdigheiter innan fonetisk- og leseførebuande kompetanse	Pedagog for klubben og kontaktlærer 1. klasse	Overføre viktig informasjon frå bhg. til skule knytt til det einskilde barn og barnegruppe, t.d. skrive- og teiknekompetanse, reknekompetanse og sosial- og leikekompetanse
Mai/juni	Førskuledagar	Treff med fadderklasse. Bli kjent med klasserom, lærar, medelevar, "skuleaktivitetar"	Rektor og kontaktlærer	Bli godt kjent med skulemiljøet Vi i Glesnes barnehage pleiar å sende ein vaksen med på førskuledagen for at barna skal ha ein kjend og trygg vaksen

Evaluering, Vurdering og dokumentasjon

Evaluering

I Glesnes barnehage evaluerer vi arbeidet vårt. Evaluering er systematisk innhenting av data, for å kunne sei noko om kor vi er og kor vi vil, eller begge deler. Evaluering kan og sei oss noko om kva vi har oppnådd. Evaluering er med på å gje oss eit grunnlag for felles refleksjon og læring. Formativ evaluering undervegs, løypande som har fokus på prosessen som; leik, sosialt samspel, turar, samlingsstunder, barns trivsel med meir. Summativ evaluering ved avslutning av eit prosjekt som til dømes ved prosjektslutt av «ugla, eller måsen».

Vi evaluerer ved å nytte observasjon, samtale, logg, analyse av planar, ulike kartleggingsverktøy, på våre møter og her – og nå situasjonar

Foreldras innverknad på evalueringsarbeidet ivaretaast først og fremst gjennom foreldresamtalar og samarbeidsutval. Brukarundersøking foretas ein gong på år. Resultata frå desse blir då eit viktig utgangspunkt for barnehagens vidare arbeid og vil bli lagt til grunn for arbeidet med neste årsplan.

Vurdering

Den nye rammeplanen seier at barnehagen skal jamnleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Barnets trivsel og allsidig utvikling skal observeres og vurderes fortløypande. Barnets erfaringar og synspunkt skal inngå i vurderingsarbeidet. Rammeplanen s.37

Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivas, analyserer og fortolkas ut frå barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen.

Vurdering skal sikra ein positiv utvikling av barnehagetilbodet. Personale, foreldra og samarbeidsutval har ansvar for å vurdere barnehagens verksemd. Barnas tilbakemeldingar er viktig i vurderingsarbeidet (jamfør barns medverknad).

I kvardagen vurderer vi også fortløypande, og det er vel så viktig som den systematiske vurderinga. Når vi vurderer fortløypande og systematisk legg vi vekt på måla våre i årsplan. Er vi på rett veg eller må vi gjera endringar? Refleksjon og erfaringar blir skriftleggjort og vi tek det med oss i det vidare planarbeidet.

Mål:

- ◆ Jamleg vurdering av det pedagogiske arbeidet i Glesnes barnehage og dokumentasjon som synleggjer vår praksis. Sikre at barnas erfaringar og synspunkt blir tatt med i vurderingsgrunnlaget

Strategi for å nå målet:

- ◆ Gjennomføre to foreldresamtalar i året og elles ved behov og brukarundersøking
- ◆ Barneintervju med dei eldste barna og gode observasjonar av dei minste,
- ◆ Planar med kven, kva og kor, og at ein vurderer skriftleg når ein er ferdig med eit tema
- ◆ Gode rutinar for felle refleksjonar over det pedagogiske arbeidet i dei ulike møtepunkta i bhg

Vi må sørge for ein felles forståelse av leik og språkutvikling blant alle tilsette. Vi må komme oss vekk frå synsing til fagleg argumentasjon. Dagsrytmen er eit pedagogisk verkemiddel og det er barnas beste som skal være styrande.

Det er ulike oppfatningar av når vi vaksne er deltakande i barns leik. Nokon tilsette er meir leikande, byr på seg sjølv og visar interesse. Ein deltar i rolleleik, medan andre gjer det i mindre grad. Når skal vi delta i leik er noko vi treng reflektere over. Leiken er det viktigaste. Difor krev det at vi er tilstade og det må visast att i vår praksis. Barna lærer gjennom at vi er gode modellar.

Mål:

- ◆ Vaksne i Glesnes barnehage skal ha ein felles forståelse for når dei vaksne bør være med i leik. Auka dei tilsette sin medvit på leik, og kor viktig leik er for læring og utvikling. Alle barna skal ha venner, og vi må difor hjelpe dei barna som ikkje får være med i leiken.

Glesnes barnehage vil dette året systematisk vurdere leik, språk og tema fuglar med underpunkt

Leik	Vurdering av
Leik, samspel, rolleleik, konstruksjonsleik, paralleleik og vennskap.	<ul style="list-style-type: none"> ◆ Når og korleis skal den vaksne delta i leik? ◆ Deltar vi nok i barnas leik? Kor har vi forbedringspotensiale? ◆ Korleis få auka fokus og deltaking av tilsette i uteleiken? ◆ Er alle barn med i leik? Barns utvikling og trivsel ◆ Har alle barn venner? Eventuelt korleis skape vennskap for desse barna? ◆ Barns medverknad i leik og støttar dei vaksne barns initiativ? ◆ Klarar vi å få med barnas erfaringar og synspunkt i vurderingsarbeidet? ◆ Barnas sosiale kompetanse?

SPRÅK	Vurdering av
Vaksenrolla, barns medverknad, språkløyper og språkleg fokus.	<ul style="list-style-type: none"> ◆ Nyttar ein aktivt lesing, bøker og samtalar i kvardagen? ◆ Kva arbeidsmetodar er mest nyttig og kva er mindre nyttig? ◆ Nyttar ein seg av fantasi og humor? ◆ Er vi gode nok rollemodellar? ◆ Korleis får barna medverke når det kjem til språk? ◆ Blir barna møtt på sitt nivå og arena? ◆ Kva er bra med språkarbeidet og kvifor og kva bør forbedrast?

Fuglar	Vurderinga av
Natur, naturressursar, kystkultur, årstider, fargar og naturvern.	<ul style="list-style-type: none"> ◆ Var fuglar eit tema som ein kunne nytte for å nå fagområder i rammeplanen? ◆ Var fuglar noko som fenga barna? Måloppnåing til utvalt artar? ◆ Vart naturen nytta til leik, undring, utforsking og læring? ◆ Vart alle tilsette ansvarleg gjort og bidrog med kreativitet og innspel? ◆ Naturvern, fargar, årstider, kystkultur

Dokumentasjon

Dokumentasjon skal sikre at brukarane får innsyn i det pedagogiske arbeidet. Glesnes barnehage ved personalet brukar vurdering og dokumentasjon som grunnlag for samtale og refleksjon omkring pedagogisk praksis og kultur. Dokumentasjon skal gje informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Vurderings og dokumentasjonsarbeid henger tett saman. Dei har begge til hensikt å belyse praksis. Vi vurderer fortlaupande det pedagogiske arbeidet i barnehagen på våre ulike planleggings- og samarbeidsmøter.

For å synleggjere noko av barnehagens innhald og kva vi arbeidar med, ønskjer vi å dokumentera noko av det barna opplev, lærer og gjer i barnehagen:

- ◆ Henge opp/sette fram ting barna har arbeida med
- ◆ Vise bilde frå barnas kvardag. Bilde og oppdateringar på Facebook
- ◆ Dagleg tilbakemeldingar og skrifteleg månadsinformasjon/rapportar
- ◆ Gjennomføre foreldresamtalar

Når og korleis vurderer vi

- ◆ Ved observasjon og her og nå situasjonar
- ◆ Kartlegge barns trivsel, utvikling og barns interesser og behov ved lydhøyre vaksne som «ser» barna i kvardagen og er i stand til å ta barnas perspektiv.
- ◆ Ulik kartleggingsverktøy
- ◆ På diverse møter (avd.møte, personalmøter, foreldremøter, samarbeidsutval)

Vi vurderer

- ◆ Barns leik, leikemiljø og barns medverknad
- ◆ Enkelt barn og barnegruppa
- ◆ Planar og oppsette mål
- ◆ Vaksenrolla
- ◆ Foreldresamarbeid



Trafikkopplæring i Glesnes barnehage

Det er laga ein eiga **trafikkplan** for arbeidet med trafikkopplæring. Vi vaksne er rollemodellar og har ansvar for at barn utviklar evne til refleksjon og risikoforståing. Nærmiljøet er viktig i trafikkopplæringa. Det er ein trygg og kjend stad for barna, samstundes som det er lett tilgjengeleg. Barnehagen har i nært samarbeid med foreldra hovudansvaret for å lære barna korleis dei skal opptre som fotgjengarar i trafikken, og får å gjere dei klare til å ferdas på skulevegen.

Tema ilag med barna	Foreldresamarbeid	Tiltak
Trafikkreglar; gå langs veg og kryssing av veg	Plakat i garderobane om trygg trafikk i Glesnes barnehage	Risikoanalyse ved vernerunde
Bruk av sansar i trafikken	Foreldremøte haust	Reflekskampanjen
Bilbelte, sykkelhjelp og refleks (Sikringsutstyr)	Fast tema på SU møte	Barnas trafikkklubb
Kva er trygt eller farleg		Beredskap; rutinar på tur til fots, buss og bil